Etiske retningsliner for bruk av KI i kommunen

Innleiing

Eit av grunnkrava til KI lova er krav om ei retningingsliner for etisk bruk av Kunstig intelligens (KI) og dette dokumentet dannar dei etiske rammene for bruk av KI i vår kommune.

Omfang

Dette gjeld all bruk av KI i kommunal verksemd.

Retningslinene :

1. Ansvar og forsvarlighet

- **Ansvarligheit**: Alle som utviklar eller nyttar KI-system i kommunen, skal ha klart definerte ansvarsområde.
- **Forsvarligheit**: KI-system skal utviklast og nyttast på ein måte som sikrar høg standard for nøyaktighet og stabilitet over tid.

2. Personvern og datatryggleik

- **Personvern**: All bruk av KI skal vere i samsvar med GDPR og andre relevante personvernlover. Personopplysningar skal handsamast med høg grad av konfidensialitet.
- **Datatryggleik**: Det skal gjennomførast risikovurderingar før KI-system vert teke i bruk, og nødvendige tryggingstiltak skal implementerast for å beskytte data.

3. Gjennomsiktigheit og tolkbarheit

- **Gjennomsiktigheit**: Utvikling og bruk av KI skal skje på ein open og gjennomsiktig måte. Informasjon om korleis KI-system fungerer og kva data dei brukar, skal vere tilgjengeleg for alle relevante partar.
- **Tolkbarheit**: Resultata frå KI-system skal vere forståelege og kunne forklarast på ein enkel måte.

4. Mangfold og ikkje-diskriminering

- **Mangfold**: KI-system skal utviklast og brukast på ein måte som fremjar mangfold og inkludering.
- **Ikkje-diskriminering**: KI-system skal ikkje diskriminere basert på kjønn, etnisitet, religion, alder, eller andre beskytta karakteristika.

5. Bærekraft

- **Miljøhensyn**: Utvikling og bruk av KI skal ta omsyn til miljøpåverknad og fremje bærekraftige løysingar.

6. Menneskeleg kontroll og autonomi

- **Menneskeleg kontroll**: KI-system skal alltid vere under menneskeleg kontroll, og det skal vere mogleg å overstyre KI-beslutningar når det er nødvendig.
- **Autonomi**: Bruk av KI skal ikkje undergrave menneskeleg autonomi eller rettar.

7. Innovasjon og effektivitet

- **Innovasjon**: KI skal nyttst for å støtte innovasjon i kommunale tenester.
- **Effektivitet**: Bruk av KI skal bidra til å redusera ressursbruk i kommunale tenester.
- **Kvalitet**: Bruk av KI skal bidra til auka kvalitet på kommunale tenester

Ansvar

Leiargruppa er ansvarleg for dette dokumentet

- Alle som nyttar KI eller kjøpar løysingar for KI skal ta omsyn til dette regelverket.

Resultat

- Lågare risiko for avvik i høve GDPR regelverk

Relaterte retningsliner

- Retningsline for informasjontryggleik i leverandørforhold
- Retningsline for bruk og aktivering av KI-tenester

Referanser

- ISO 27002:2023 control ISO/IEC 23053:2022

Endringslogg

Dokumentversjon	Endringer	Endret dato	Endret av
1.0	NN	XX	NN